

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 01.09.2021, kl. 12:00-15:15  
**MØTESTAD:** Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Øystein Hellesteth, økonomidirektør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Evy-Helen Hellesteth, fagdirektør  
Asle Kjølraug, kst. fagdirektør  
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus  
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

## SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
046/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
047/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.06.2021
048/2021	Administrerande direktør si orientering
049/2021	Rapportering frå verksemda per juli 2021
050/2021	Plan for styrking av helsetenester i fengsel innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (områdefunksjon)
051/2021	Prehospitale tenester fase 3 - høyringsdokument
Saker til orientering:	
052/2021	Bierverv i Helse Førde - status
053/2021	Budsjett 2022 - løypemelding
054/2021	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

### **Sak 046/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Styresak 051/2021 «Prehospitale tenester fase 3 – høyringsdokument» var ettersendt 30. august
- Det var utsendt seks dokument til Skriv og meldingar.
- Nytt dokument utdelt: Program Dialogmøte 15. september 2021

Punkt til Eventuelt-saka: Deltaking frå styret på Dialogmøte 15. september 2021

#### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **Sak 047/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.06.2021**

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.06.2021.

## **Sak 048/2021 Administrerende direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia med bilde frå nedlegging av grunnstein for Livabygget 3. august, med besøk av statsminister Erna Solberg.

Vi hadde opning av parken ved inngangspartiet ved Førde sentralsjukehus 20. august, og HM Kongens garde deltok i seremonien.

Nye punkt til orienteringa var: 8) Utviklingsplanen, 9) BUP, 10) Hendelse

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
  
- 4. Korona – status i Helse Førde**

Adm. direktør Varden orienterte om status korona Helse Førde per 31. august:

Det er ein del smitte i kommunane. Vi ha press på laboratoriet. Elles er det roleg på sjukehusa.

Siste veke:

- Ingen innlagt
- Tilsette i karantene: 0-3
- Smitteutstyr: god forsyningssituasjon

Status vaksinasjonsdekning 31. august viser at vi er fullvaksinerte med 83,5%

Fagdirektør Helleseth orienterte kort om gjeldande rutine for vaksinerings av gravide.

## **5. Nye Førde sjukehus**

Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus

Overordna status viser ei god framdrift på prosjektet. Løysingane er framtidsretta, og forankringa i Helse Førde sin driftsorganisasjon er god.

Risiko knytt til utvikling av kostnadsindeks i 2021 og deflator for 2022 viser prognose på 39,5 millionar over totalramma på 1,906 milliardar.

## 6. Observasjonspost Førde sentralsjukehus - pilotprosjekt

Adm. direktør Varden innleia om observasjonsposten.

Direktør Vingsnes orienterte om pilotering av observasjonspost ved Førde sentralsjukehus.

Nye Førde sjukehus er planlagt med seks observasjonssenger ved akuttmottaket (frå 2024). Pilot i haust for å teste ut modellar.

Kva skal vurderast:

- Kliniske kriterium
- Pasientflyt inn og ut
- Oppsett av medisinskteknisk utstyr
- Opplæringsbehov for personalet i ein generell observasjonspost
- Pasienttilfredsheit

## 7. Campus Vie

Adm. direktør Varden orienterte om Campus Vie, som er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde. Mål med forprosjektet er å utgreie udekkte arealbehov og korleis samarbeide om dette.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om forprosjekt Felles utvikling av campusområdet på Vie.

## 8. Utviklingsplan

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om framdrift i arbeid med utviklingsplanen. Opphavleg frist for å sende utviklingsplanen til Helse Vest er 31. desember 2021. Det blir no diskutert ein forlenga frist nasjonalt, og frist for føretaka vert i så fall sommaren 2022.

## 9. BUP

Direktør Tvedt orienterte om status på BUP tenestene i Helse Førde sitt opptaksområde. Vi har gjennomsnittleg vurderingstid på 1,7 dagar.

Tenester til barn og unge i psykisk helse vert tema på Dialogmøte 15. september.

*Adm. direktør Varden sa at det blir løypemelding om BUP tenestene til neste styremøte.*

LUKKA DEL:

*Helseføretakslova § 26 a*

## 10. Hendelse

Fagdirektør Helleseth orienterte om ei hending ved Førde sentralsjukehus.

OPEN DEL:

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingar til orientering.

## **Sak 049/2021 Rapportering frå verksemda per juli 2021**

### **Oppsummering:**

*Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:*

- Pandemien har medført lengre ventetider og fristbrot
- Det er spesielt psykisk helsevern for barn og unge, nokre kirurgiske fag og avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering, og avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester som framleis er prega av lang ventetid
- Det er førebels registrert 109 nye fristbrot i juli. Det er spesielt auke innan urologi
- Epikrisetider i somatikk viser viser 70 prosent innan ein dag, men når ikkje kravet om 100 prosent innan sju dagar
- Psykisk helsevern og TSB når ikkje måltalla, og ein vil ha fokus på dette framover
- Aktiviteten innanfor somatikk målt i DRG-poeng og utan H-resept var høg både i juni og juli, dvs. 100,1 prosent og 98 prosent målt mot budsjett
- Til no i år er aktiviteten 94,6 prosent
- Resultat i perioden er negativt med 4,8 millionar, som er 7,7 millionar bak budsjett
- Juli er første månaden utan at det er budsjettert med ekstramidlar knytt til pandemien
- Til no i år er resultatet 20 millionar som er på budsjett
- Sjukefråværet i juni var 6,3 prosent.

Det er utarbeidd eit «Årshjul rapportering fag» til styret, som viser fag til rapportering månadleg, kvar 4. månad og halvårleg.

*Fagdirektør Helleseth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik*

- Utvikling gjennomsnittleg ventetid ved periodeslutt viser 56 dagar i somatikk, 25 dagar i psykisk helsevern, 44 dagar i PBU og 23 dagar i Rus.
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid samla for Helse Førde viser 66 dagar
- Fristbrot viser 109 nye fristbrot i juli

- Akuttmottak - median minutt siste 3 måneder viser 10 til triage og 30 til lege.
- Akuttmottak - sepsis/blodforgiftning, viser gjennomsnittleg oppstart av antibiotika på 56 minutt

Poliklinisk video- og telefonkonsultasjonar viser samla resultat for Helse Førde på 9% i juli, som utgjer 774.

*Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Overordna pasientflyt per juli viser:

Nytilviste 5 355	Totalkø 53 601	Avslutta 4 037
------------------	----------------	----------------

Aktivitet i somatikk viser at tal behandla eller undersøkte pasientar var 9,2 prosent høgare enn plan. Aktivitet målt i DRG-poeng er 4,1 prosent lågare enn budsjett. Til no i år er aktiviteten 5,6 prosent lågare enn budsjett.

Aktivitet i psykisk helsevern viser noko bak budsjett, men er betre enn tidlegare i år.

Brutto månadsverk i perioden var 2664 og netto månadsverk var 2245.

Estimerte kostnader knytt til pandemien:

Personalkostnader er den klart største posten, og dette er fordelt på innleige, fast tilsette og overtid. Det alle meste er knytt til dei to somatiske klinikkane.

*Styret gav tilslutning til å endre rapporteringa i samsvar med «Årshjul rapportering fag», med evaluering etter kvart.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per juli 2021 til vitende.

### **Sak 050/2021      Plan for styrking av helsetenester i fengsel innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (områdefunksjon)**

### **Oppsummering:**

Dei fire regionale helseføretaka har på bakgrunn av oppdragsdokumentet for 2020 utarbeidd ein felles «Plan for styrking av helsetenester i fengsel innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (områdefunksjon)». Planen er handsama i styret i Helse Vest og vert lagt fram for styret i Helse Førde. Planen inneheld prinsipp for

styrking av helsetenestene i fengsel, og stadfester auka satsing på fengselshelseteneste i dei fire regionale helseføretaka.

Helse Vest har i 2021 styrka midlane til fengselshelsetenesta med samla 4,6 millionar. Av denne løyvinga er 0,8 millionar tildelt Helse Førde, som blir nytta til 0,5 årsverk psykolog.

Vik fengsel, med 39 fengselsplassar, er einaste fengselet i Helse Førde sitt opptaksområde. Det er Indre Sogn psykiatrisenter som yter tenester til Vik fengsel.

*Adm. direktør Varden orienterte om planen.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tar plan for styrking av helsetjenester i fengsel innen psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling (områdefunksjon) til vitende.

## **Sak 051/2021    Prehospitale tenester fase 3 - høyringsdokument**

### **Oppsummering:**

Prehospital plan i Helse Førde omfattar tre fasar:

- Fase 1 (haust 2017): Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår. Forankring/ høyring
- Fase 2 (haust 2018-haust 2019): Detaljering av modellar
- Fase 3 (vår 2020-vår 2023): Implementering av vald modell

Denne saka omhandlar tre ekstra utgreiingar, knytt til prehospital plan, som styret har bede om. Utgreiingane gjeld Lavik, Ytre Bremanger og Hornindal/Volda, og det vert rådd til å sende dei på høyring til aktuelle interessentar.

Lavik: Den største endringa i framlegget til prehospital plan hausten 2019 var å ta vekk ambulansen i Lavik. Framlegget møtte sterk mostand, og styret ba om ytterlegare utgreiingar.

Tilrådinga er å behalde døgnbilen i Lavik, og å redusere den eine døgnbilen i Dale til ein dagbil.

Ytre Bremanger: Framlegget er å flytte ressursen som var tiltenkt det einmannbetente prehospitale tilbodet i Ytre Bremanger til Florø, og å knytte ressursen til den nye ambulansebåten som kjem der i mai 2022.

Hornindal/Volda: Framlegget i prehospital plan var å auke aktiv tid på dagbil både i Stryn og Eid, noko som betydde tilførsel av 1,5 årsverk begge stader. Gruppa har vurdert tre alternativ.

Tilrådinga frå arbeidsgruppeleiarar, prosjektleiar og administrerande direktør er følgjande:

- Det skal framleis vere døgnambulanse og stasjon i Lavik. Ein av døgnbilane i Fjaler skal gjerast om til dagambulanse. Tilrådinga betyr ein vidare prosess med kommunane Askvoll og Fjaler knytt til stasjonen i Dale.
- Dagens ambulanse i Ytre Bremanger vert teken vekk i samsvar med styrevedtak i januar 2020. Personellet som var tiltenkt einmannsbetent ambulanseressurs i Ytre Bremanger vert flytta til den nye ambulansebåten som kjem i Florø.
- Samanslåinga av Hornindal og Volda, og det at Hornindal dermed vert ein del av Helse Møre og Romsdal sitt ansvar, får ikkje konsekvensar for det prehospitale tilbodet i Nordfjord. Tilbodet der skal dermed utviklast i samsvar med forslaget.

*Administrerande direktør Varden innleia om at dei berørte kommunane vart orientert om tilrådinga om Lavik 30. august før styresaka vart utsendt.*

*Direktør Guldhav orienterte om:*

- *Prosjektgruppe prehospitale tenester fase 3*
- *Tilrådingar for Hornindal/Volda, Bremanger og Lavik*

*Styret kommenterte at det også i denne fasen av Prehospital plan har vore ein grundig prosess med brei medverknad.*

**Adm. direktør Varden hadde følgjande framlegg til vedtak:**

1. Styret meiner at høyringsdokumenta svarar ut tidlegare bestillingar.
2. Styret ser at det har vore ein grundig prosess som har leia fram til høyringsutkastet, og ber administrerande direktør sende det på høyring til kommunar, legevakter og andre interessentar.

Adm. direktør Varden trekte sitt framlegg til vedtak.

**Styret hadde følgjande nytt framlegg til vedtak:**

Styret ber administrerande direktør sende Prehospitale tenester fase 3 på høyring.

**Votering:**

Styret sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret ber administrerande direktør sende Prehospitale tenester fase 3 på høyring.



## Saker til orientering:

### **Sak 052/2021    Bierverv i Helse Førde - status**

#### **Oppsummering:**

Styret har sidan 2016 hatt årleg handsaming av status for bierverv i Helse Førde, samt tiltak og aktivitetar knytt til dette.

Per i dag er det samla meldt 137 bierverv, mot 131 ved sist teljing. Det er 106 medarbeidarar som har registrert bierverv mot 99 medarbeidarar ved sist teljing. Talet har auka kvart år sidan 2015 då det var registrert 64 bierverv i Føretaket.

Det er ikkje gjort endringar i retningsliner eller praksis for handtering av bierverv.

*HR-direktør Skjelten orienterte om status for bierverv.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

### **Sak 053/2021    Budsjett 2022 - løypemelding**

#### **Oppsummering:**

Resultatkravet er sett ut frå økonomisk langtidsplan. Kravet frå Helse Vest er 24 millionar, som er ein reduksjon på 10 millionar samanlikna med 2021. På grunn av auka ramma har Helse Vest bedt Helse Førde å vurdere å auke resultatkravet for å ta ned risiko og sikre tilstrekkeleg eigenfinansiering til investeringar.

Utgangspunktet for budsjettprosessen er økonomisk langtidsplan med dei utfordringane og langsiktige tiltaka vi arbeider med. Helse Førde skal redusere kostnadsbasen med omlag 10 millionar kvart år dei neste ti åra for å sikre tilstrekkeleg bereevne til investeringar. Dette må balanserast mot endra kostnader i drifta. Områder som har auka mykje, og som vi ventar aukar framover, er medikamentkostnader, IKT og implementering av nye løysingar. Samtidig må vi ha rom for nye satsingsområde og føringar som t.d. tilbod innan rehabilitering og «Den gylne regel».

*Adm. direktør Varden innleia om milepælar i budsjettprosessen.*

*Økonomidirektør Helleseth orienterte om rammer, resultatkrav og prosessen med budsjett 2022.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek løypemeldinga til vitende.

## **Sak 054/2021    Eventuelt**

Styreleiar Landstad orienterte om Partnerskapsmøte (tidlegare Dialogmøte) som vert 15. september 2021. Det vart notert deltaking frå styret.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

### **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og melding var utsendt til styret :**

- Brev til Den norske Legeforening avd. Sogn og Fjordane vedr. Bekymring om planlagt kapasitet i drift ved Nye Førde sjukehus, datert 25.06.2021
- Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane 09.06.2021
- RHF-styresak 059/21 Høyring – Utgreiing om organisering av Luftambulansetenesta
- Brev til Helse- og omsorgsdepartementet vedr. Høyring – Utgreiing om organisering av luftambulansetenesta
- Vedtak i RHF-styresak 053/21 Revidert regional plan for habilitering og rehabilitering
- Brev frå Stiftelsen Barnas Fysioterapisenter ang. Ny Plan for Habilitering og Rehabilitering i Helse Vest, datert 18.08.2021

#### **Følgjande skriv og melding var lagt på bordet:**

- Program Partnerskapsmøte mellom politisk leiing i kommunane/ fylkeskommune og styret i Helse Førde HF 15. september 2021

Ref. Berit Irene Haarklau  
01.09.2021

---

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

---

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

---

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

---

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

---

Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
-----------------------	--------

---

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

---

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

---

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

---

Randi Aven	Medlem
------------	--------

---

Ole-Magnus Kapstad	Medlem
--------------------	--------

---

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------